



Anne Grete Tverberg
Galden 1
6869 HAFSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1189 - 16/1494

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
27.01.2016

Avvisning av rettesak GBNR 55 Skjelanger

Administrativt vedtak. Saknr: 28/2016

Saksutgreiing:

Meland kommune vart gjort merksam på at eigedomsgrenser og matrikkeleining for fellesareal ved sjøen på Skjelanger manglar i matrikkelkartet. Ein syner til før utsende brev i denne saka dat. 22.04.2015 med framlegg til retting av matrikkelkartet i samsvar med gamalt jordskiftekart. Brevet vart sendt til eigararar av bnr. 1,3,4,6-13. Det kom inn 2 tilbakemeldingar på dette brevet.

Forsvarsbygg v/ Skifte Eigedom skriv at «dei ikkje har merknader til rettinga, men at dei no har registrert at deira gnr 55 bnr 3 var med i jordskiftesaka frå 1896 og at deira bruk vil ha rettigheter knyttet til fellesarealet.»

Bernt Karsten Skjelanger har gitt tilbakemelding på at det står beskrive i Utskifting over utmarka frå 1912, at Sjoholmen framleis skal vera felles:

«Ringholmen og Sjoholmen der benyttes bl.a. til tørkevoller for nøter og garn, og for den førstnevntes vedkommende til like også av fyrvesenet fantes ikke å egne seg for deling, hvorfor disse holmer blir felles som før.» Han er difor ikkje samd i framlegg til retting.

Kommunen kjenner ikkje til kvar Ringholmen er, men har fått opplyst at Sjoholmen er den som ligg utanfor fellesarealet som denne rettesaka omhandlar. I dette nye rettings –framlegget er difor Sjoholmen felles, medan Småsjoholmen vert ei forlenging av neset/ den største holmen innanfor og høyrer difor til bnr 12.

I sist brev tok ein utgangspunkt i at det var partane som var med i jordskiftet over innmarka – 1896 som var medeigarar i fellesarealet, då det var på dette kartet avgrensinga av fellesopplagsplass var innteikna og skildra.

Ein av grunneigarane, Svein Helge Skjelanger, tok kontakt med kommunen og kom med utfyllande opplysningar. Han meinte det var uklart kven som var partar i sameiget, nokon (forsvarsbygg) hadde sagt i frå seg retten osv. Det var også uklart kven som eig Småsjoholmen. Kommunen sende brev til Svein Helge Skjelanger 28.10 og bad om tilbakemelding innan 3 veker. Svein Helge Skjelanger tok då kontakt 11.nov og bad om utsett frist med tilbakemelding til kommunen til etter at grunneigarane hadde hatt eit sameigmøte. Det tok tid å få dette gjennomført, men dei skulle prøva å få dette avvikla i romjula 2015.

22. januar 2016 vart kommunen kontakta av Kåre Skjelanger som fortalte at dei no hadde hatt sameigmøte og at det var bestemt at saka skulle fremjast for jordskifteretten.

Vurdering:

Då det har kome fram at det er usikkert både kven som er partar i sameiget og kva areal som sameiget omfattar, har kommunen anbefalt å fremja saka for jordskifteretten. Grensemerka er også så gamle at dei ikkje let seg finne i marka og desse treng då i alle høver å friskast opp att.

På bakgrunn av at det var fleire uklare moment i denne rettesaka, vert saka fremja for jordskifteretten og rettesaka for kommunen må difor avvisast.

Vedtak

Meland kommune avviser saka om retting av eigedomsgrenser i matrikkelen i medhald av matrikkellova § 26 og matrikkelforskrifta § 10 då, dokumentasjon til rettinga ikkje tilfredsstiller krava for å fullføre saka.

Klage:

Denne avgjersla er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på av partane til Fylkesmannen i Hordaland innan 3 veker, jf. forvaltningsloven § 28, matrikkellova §46 og matrikkelforskrifta §21.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Anne Grete Tverberg	Galden 1	6869	HAFSLO
Anny Skjelanger	Paradisvegen 32	5917	ROSSLAND
Arvid Steinar Smedsvik	Gymnasvegen 70A	5200	OS
Bernt Karstein Skjelanger	Skjelangervegen 1025	5917	ROSSLAND
Bernt-Johan Skjelanger	Paradisvegen 9	5917	ROSSLAND
Erling Magne Førde	Skjelangervegen 1015	5917	ROSSLAND
Forsvarsbygg Skifte eiendom	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Frank Magnar Skjelanger	Paradisvegen 30	5917	ROSSLAND
Ingunn A S og Arnfinn Sørli	Monavegen 4	6386	MÅNDALEN
Janne Iren Skjellanger	Liagardan 67	3540	NESBYEN
Kari Rougne	Huk Aveny 23B	0287	OSLO
Kari Sundal	Sandvikslien 25	5037	BERGEN
Kåre og Mette H J Skjelanger	Skjelangervegen 983	5917	ROSSLAND
Norvald og Reidun Skjelanger	Skjelangervegen 962	5917	ROSSLAND
Statens Vegvesen Hordaland	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Svein Helge Skjelanger	Paradisvegen 37	5917	ROSSLAND
Sylvi Johanne Irgens	Biestøa 21	4878	GRIMSTAD
Tor Sigurd Smedsvik	Tunvegen 11	5231	PARADIS
Turid I S Tollefse	Nattlandsveien 99	5094	BERGEN